



Lene Merete Hugvik  
Galtenesvegen 29 A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/434 - 16/17608

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
13.09.2016

## Avslag – GBNR 23/193, 482 – Søknad om etablering av to nye avkøyrslar

**Administrativt vedtak. Saknr: 304/2016**

### Saksutgreiing:

Meland kommune viser til søknad datert 07.07.2016 om etablering av to nye avkøyrslar til offentleg veg Galtenesvegen frå gnr 23 bnr 193 og 482.

Eigedommane er omfatta av Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka. Reguleringsplanen regulerar ikkje avkøyrslar, og søknaden vert difor behandla etter veglova.

Eigedommane har i dag felles avkøyrslar frå gnr 23 bnr 193.

### Vurdering

Når kommunen behandlar avkøyrslar skal det leggast stor vekt på trafikktryggleik. Fleire avkøyrslar langs ein veg gjev generelt sett høgare ulukkesrisiko, og kommunen vil difor vere restriktiv i å tillate nye avkøyrslar.

I tillegg til at det ikkje er ønskeleg med fleire avkøyrslar, så ligg dei to omsøkte avkøyrslene i ein sving. Sjølv om hekken vert fjerna, kan ikkje kommunen sjå at krav til friskt kan bli oppfylt.

For trafikktryggleiken vil fortsatt bruk av eksisterande felles avkøyrser vere den beste løysninga. Vi gjer merksam på at eksisterande avkøyrser også må oppfylle krav til friskt og at dette ser ut til å innbere at hekken heilt eller delvis må fjernast i siktsona.

## **Vedtak**

«Meland kommune avslår i medhald av veglova §§ 40 og 43 etablering av to nye avkøyrser på gnr 23 bnr 193 og 482. For grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.»

## **Om klage**

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslovas reglar om klage. Frist for å klage er tre - 3- uker frå det tidspunktet underretning av vedtaket er kome frem. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klaga skal sendast skriftleg til kommunen v/PUK som vil vurdere saka på ny på bakgrunn av klaga. Dersom PUK opprettheld sitt vedtak vil klagesaka bli oversendt Klagenemnden i Meland kommune.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Kopi til:**

Tore Johan Erstad

**Mottakere:**

Lene Merete Hugvik

Galtenesvegen 29 5918

FREKHAUG

A

Lene Raknes Ryland

Galtenesvegen 29 5918

FREKHAUG

B